



Dei vidaregåande skulane i Hordaland

Dato: 16.03.2015  
Vår ref.: 2015/2358-4  
Saksbehandlar: bernyl  
Dykkar ref.:

## Gjennomføring av politisk skuleval hausten 2015

Det politiske skulevalet vert i år arrangert 7. og 8. september. Skulevalet er eit viktig bidrag til elevane si læring om demokrati og politisk debatt, og fylkesdirektør for opplæring oppmodar såleis alle dei vidaregåande skulane til å ta del i det politiske skulevalet 2015.

Utdanningsdirektoratet har saman med dei nasjonale ungdomspartia, Elevorganisasjonen og LNU (Landsforeininga for norske barne- og ungdomsorganisasjonar) drøfta erfaringar frå gjennomføring av politisk skulevalkamp dei siste åra. Saman har dei kome fram til at følgjande opplegg for valkamp er innanfor ei rame som både skular og ungdomspartia kan gjennomføre på ein grei måte:

- Innleiande debatt: Ca. 90 minutt,
- Påfølgjande valborg: Ca. 30-60 minutt.

Dei politiske ungdomspartia har eit sterkt ønskje om at debatten kjem før valborg. Elevane stiller vanlegvis fleire spørsmål etter ein debatt og får såleis meir ut av kontakten med ungdomspolitikarane på valborg. Fylkesdirektør opplæring oppmodar alle skulane til å leggje til rette for valkampen i tråd med Udir si tilråding.

Opplæringsavdelinga vil utarbeide ein samla plan for gjennomføring av debattar og valborg i fylket i dialog med ungdomspartia og skulane. Det skal utarbeidast eit framlegg til datoar, tidspunkt og lokalar for gjennomføringa av debattar og valborg. Vi ber om at skular som har høve til å gå saman om lokalar, vil undersøke dette snarast mogleg og sende beskjed til Opplæringsavdelinga v/Berit Nyland. <mailto:berit.nyland@hfk.no>. Skular som allereie har gjort dette treng ikkje sende ny melding.

**Påmelding** til skulevalet skjer i april. Alle dei vidaregåande skulane får informasjon om påmelding frå NSD (Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS). Det er NSD som har ansvar for å gjennomføre skulevalet. Udir rår skulane til å gjennomføre valet som eit urneval slik dei ordinære vala vert gjennomført, men det er og mogleg å gjennomføre valet elektronisk. Fylkesdirektøren ber skulane velje den løysinga dei finn best.

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

Berit Nyland  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Annbjørg Laupsa

Sissel Øverdal  
Hillevi Elisabeth Runshaug